

Avdeling Os

Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70
post@abo-ark.no

Avdeling Stord

Torgbakken 9
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 90 66 16 31
poststord@abo-ark.no

Stord, 20.08.2024

Melding om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentlig høring – Detaljregulering for Tjernagel næringsområde, gnr./bnr. 50/26 mfl. Sveio kommune, Plan-ID 2024902


Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9 vert det med dette meldt oppstart av arbeid med detaljregulering for Tjernagel næringsområde. Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Nasjonalt Senter for Utvikling av Nye Marine Oppdrettsarter Num AS.

Det vart halde oppstartsmøte 06.05.2024, der det var einigheit om at planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram. Planprogrammet vert saman med varsel om oppstart sendt på høring, jf. pbl § 12-9. Dette finn de på kommunen (<https://sveio.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar/>) og ABO sin nettstad (<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>).

Lokalisering, planstatus og føremål

Planområdet ligg på Tjernagel, nord for Buavåg og sør for Auklandshamn, i Sveio kommune. Store deler av planområdet på land avsett til næringsføremål i gjeldande kommuneplan. Planområdet kring eksisterande tilkomstveg lengst i aust er vist som LNF-føremål og LNF spreidd bustad-føremål. Sjøområda er vist som friluftsområde i sjø og den austlege delen er vist som hamneområde i sjø. Det ligg ei omsynssone for kulturmiljø over det meste av planområdet på land. Området er ikkje tidlegare regulert.




Planområdet og utsnitt av kommuneplanens arealdel.

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for næringsareal for mellom anna landbasert akvakultur for «nye artar» på gnr. 50/26. Det kan vera aktuelt å etablere akvakultur for fleire artar eller artsgrupper på området. Tiltakshavar ønskjer på sikt å etablere eit senter for nye oppdrettsartar i området. Det er også ønskeleg å ha høve til etablering av annan type næring på området. Arealet er stort, og i stor grad allereie tilrettelagd og opparbeidd. Plasseringa ved sjøen er svært gunstig med omsyn til høve til å ta inn friskt sjøvattn, høve til utslepp av organisk avfall, og på sikt høve til transport sjøvegen. Eit senter for nye oppdrettsartar vil kunna gi mange synergieffektar i området. Utvikling av nye oppdrettsartar er ein prosess som krev tett samarbeid med FoU-miljø, og ei samlokalisering vil vera positivt med omsyn på utvikling av teknologi, og deling av kunnskap om og erfaring med nye oppdrettsartar.

Avgrensing

Planområdet er om lag 213 daa, og omfattar følgjande eigedomar: gbnr. 50/26, 50/54 50/7-8, 50/7, 50/3, 50/1, 50/31 og 49/1. Det er berre eigedom gbnr. 50/26 som skal regulerast til næringsføremål. Plangrensa omfattar berre deler av dei andre eigedommane, og er med grunna tilkomstvegen, og siktilhøva i området ved krysset til fylkesvegen. Plangrensa vil kunne verta redusert til å berre omfatte areal som det er trong for å regulere som del av planarbeidet.



Illustrasjon planavgrensing

Om konsekvensutgreiing og planprogram

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, og vil vera omfatta av konsekvensforskrifta sin § 6 *Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding*. Framlegg til planprogram, som her vert lagt ut på offentlig ettersyn, er å finne på kommunen og ABO sin nettstad.

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 1-4 og forskrift om konsekvensutredning. Planprogrammet skal beskrive bakgrunn, innhald og framdrift, samt plan for medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Vedteke planprogram skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjera verknadane av tiltak som

kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Utgreiinga skal sikre at desse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt med vilkår om avbøtande tiltak.

Saksdokument og merknadar

Oppstartsmelding, planinitiativ, referat frå oppstartsmøtet med kommunen, samt framlegg til planprogram finn de på kommunen sine nettsider/planregisteret, samt på ABO sin nettstad:

<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>.

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet og planprogrammet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no / sarah@abo-ark.no Innan høyringsfristen: **07.10.2024**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar og innspel til kommunen - dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknadar er gått ut vil ABO bearbeide planprogrammet, som skal fastsetjast av kommunen. Dei som har kome med merknadar til planprogrammet skal gjerast kjende med det fastsette planprogrammet.

ABO vil så utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale med konsekvensutgreiing, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gongs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Sarah Fagertun Eggereide

Vedlegg

1. Planavgrensing
2. Oversiktskart